

Tidleg-opning i pysj var vellukka!

10.10.2008



Marit Sofie Lea ekspederer Elin Johansen. (Foto. Ola Matti Mathisen)

Denne veka har bensinstasjonen i Uskedalen vore ope frå klokka seks og kundane som har vore innom mellom seks og ni har vorte ekspedert av personale i pyjamas!



Tidleg kaffekoking på bensinstasjonen ved Siv Kristin Kyrkjeide og Marit Sofie Lea. (Foto: Ola Matti Mathisen).

Både tidligopninga og den spesielle opnings-gimmicken har slege godt an, seier personalet til uskedalen.no. Dei skiftar no til vanleg antrekk i opningstimane, medan tidligopninga held fram. Det gjer også ekstra-servicen på morgonkvisten: Nytrekt kaffe og nysmurt matpakke med skinke, ost og egg! I tillegg fristar personalet med nysteikte bollar og vaflar.

- Vi har snakka lenge om å opna tidlegare enn 7.30, for det er stor trafikk på riksvegen allereie frå klokka 6 og ingen opne bensinstasjonar så tidleg innanfor Kvinnherad kommune. No var tida inne til å freista med

tidlegopning og erfaringane etter ei veke er gode, seier innehavar Lars Myklebust. Han er fornøgd med trafikken så langt og vil halda fram med opplegget inntil vidare.

- Så får vi vurdere det etter kvart, seier han.

Det er heilt klart at det har meire for seg å halda ope tidlegare om morgonen enn lenger om kvelden.

Dei som sidan måndag har stilt i pyjamas på jobb er Siv Kristin Kyrkjeeide, Marit Sofie Lea, Mari-Ann Hauge og dei tre ungdommane Joakim, Morten og Monica. Det var Siv Kristin som fann på dette med pyjamasane og gjorde eit samla innkjøp i Haugesund. Babydollar var også vurdert som eit alternativ, men vart forkasta.

- Trafikken har vore litt op og ned på morgonkvisten, men nokre av dagane har den vore riktig god, fortel Siv Kristin og Marit Sofie.

Reaksjonane har vore berre positive. Til dømes ordla ein lastebilsjåfør seg slik torsdag:-. Tidlegopninga er heilt topp, for det er ingen andre på strekningen som har ope så tidleg.

- Og korleis har kundane reagert på pyjamasane?

- Dei tykkjer det er berre artig.

- Og korleis er det å komma seg opp så tidleg om morgonen?

- Det er uproblematisk, alle må jo ikkje opp så tidleg kvar dag.

Av Ola Matti Mathisen



Pyjamas som morgonantrekk for personalet får ikkje kundene oppleve lenger, men tidlegopninga held fram. (Foto: Ola Matti Mathisen)